

Aurland Energibbygg AS

Låvi 01

5745 Aurland

Orgnr. 972 420 689

Aurland 30.06.2026

NVE

Energi- og konsesjonsavdelingen

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Høyringsuttale 202525845 konsesjonsak Låvi kraftverk

Aurland Energibbygg AS (AEB) er eit selskap som driv med produksjon og levering av ferdigbetong i Indre Sogn. Selskapet vart etablert i 1995 og har opp gjennom åra vore betongleverandør til mange prosjekt ved nybygging og rehabilitering ved kraftanlegget i Aurland. Me er etablert med betongblander i Lærdal og Aurland. I Aurland er me lokalisert om lag 400 meter fra påhogg til planlagte Låvi kraftverk. Som lokal betong produsent er det svært interessant og viktig for oss å vere leverandør til ei så stor kraftutbygging. AEB har difor følgjande innspel til konsesjonsøknaden:

- Moglegheit for bruk av tunnelmassar som tilslag i betong. Kort transport for knusing og opplagring. Dette vil være eit godt miljøprosjekt.
- Utvikling av næringsareal med tunnelstein fra bygging av Låvi kraftverk. AEB har inngått samarbeidsavtale med lokal grunneigar (Lars Loven gnr 28 bnr 8 og 11) om utvikling av eit landbruks areal til framtidig næringsareal, sjå vedlagt kart. Det er gjort innspel til Aurland kommune om utvikling av dette arealet i kommuneplan. Samtidig vert det jobba med reguleringsplan for området. AEB ynskjer etablere seg på dette området med nytt betongblander under eventuell utbygging, og framtidig permanent drift. Det vil vere naturleg at Hafslund nyttar dette området til rigg og drift under bygging av Låvi kraftverk, og deler av område er definert som R5 og R6 i «Vedlegg 3 Kart over riggområder». Det er og nevnt som aktuelt område for portalbygg i «Vedlegg 7 liste over berørte eigedomar». For utvikling og regulering av dette området, er det ynskjeleg og samarbeide om vurderingar og tiltak knytta til reguleringsplanen- til dømes ras og skred.
- Sikring av areal mot sørpeskred i Låvishagane ved å bygge rasvoll med steinmassar fra tunneldrift. Deler av gnr 28 bnr 8 og 11, samt fleire eigedomar i området, er definert som utsett for sørpeskred. Rasvoll i vestre del av tipp Låvi 1, vil truleg vere god sikring for desse eigedomane. Nevnt i «Vedlegg 14 Skredfarevurdering». Kan og vere nødvendig med sikring for Hafslund kraft si utbygging og framtidige virke i området. Dette vil være eit positivt prosjekt samfunnsmessig.
- Opplagring og tilgang på tunnelstein/ tippmassar til framtidig utnytting både for betongblander, men og til bruk i andre samfunnsnyttige oppdrag. (dagens tomt eller ny tomt)
- Hafslund Kraft har heile vegen under informasjon om Låvi kraftverk framsnakka bruk av lokale produsentar til bygging av kraftverket. Dette tykkjer me er veldig positivt. Me

meinar punkta over heilt klart vil vere ein positiv faktor for at AEB skal vere konkurransedyktig som leverandør. AEB har planer om å investere i nytt moderne betongblander. Dersom Låvi kraftverk får konsesjon, vil ein difor kunne levere den mest miljøvennlege og kortreiste betongen. Det vil også medføre fleire nye lokale arbeidsplassar.

Me vurderer alle punkta over til å være gode miljø og samfunnsmessige tiltak som kan gi kraftutbygginga ein god miljøprofil.

Vonar innspela våre blir lagt vekt på i vidare arbeid med konsesjonsøknad.

Med helsing

Aurland Energibbygg AS

Vegard Solhaug

Dagleg leiar